

Referat frå styremøte i Vats Grendautval

Tysdag 2. nov. 2010 på Vats skule Kl. 19.30

Desse møtte: Åsmund Kalstveit, Ingunn Skosheim Ohm, Gro Karin Velde,
Severin Fatland og Jon Olav Velde

Sak 1. Årsmeldinga for 2008 – 2010

Jon Olav la fram årsmeldinga.

Ingen merknader til denne.

Vedtak: Årsmeldinga blir lagt fram for årsmøtet. **Ligg nå på vatsnett.com**

Sak 2. Rekneskapen for 2008 – 2010.

Jon Olav orienterte om rekneskapen som er revidert av Per Fatland

Ingen merknader.

Vedtak: Rekneskapen blir lagt fram for årsmøtet. **Ligg nå på vatsnett.com**

Sak 3. Årsmøtet 11. nov. 2010 i Vindafjordhallen kl. 19.00

Årsmøtet vart annonsert i Grannar 18. okt. 2010

Det er laga plakatar av Ingunn som blir hengt opp rundt omkring i bygda + info.skriv om møtet. Blir lagt i postkassane til alle husstander i Øvre og Nedre Vats.

Opplegg for årsmøtet:

- a. **Velkomstord** v/leieren Jon Olav Velde.
- b. **Om Vatsvassdraget.** Åsmund Kalstveit leier denne delen av kvelden der fleire fagpersonar deltar: Anders Hobæk frå NIVA, Ørjan Simonsen frå fylkesmannens miljøavd., Alf Ole Bull Tornøe og Harald Olav Stuhaug frå kommunens landbruksavd. + HLR (Haugaland landbruks rådgjeving), bondelaget og grunneigarlaget. Det blir høve til spørsmål etter ”foredrag”.
Forsslag til ei styringsgruppe som må veljast:
Styringsgruppa som skal arbeida vidare med vassdragsprosjektet må vera samansett slik:
1 frå kommunen, 1 frå bondelaget, 1 frå grunneigarlaget, 1 frå HLR, 1 frå fylkesmannens miljøavd. og 1 eller 2 frå grenadautvalet.

c. **Årsmøtesaker:** Blir leia av Jon Olav

1. **Årsmelding** v/Jon Olav
2. **Rekneskap** v/Jon Olav
3. **Val:** Sidan det ikkje er valnemnd, må styret sjølv vera valnemnd dette året.

Dette skal veljast:

- a. Val av leiar for 1 år.
- b. Val av 3 styremedl for 2 år
Gro Karin Velde og
Ingunn Skosheim Ohm går ut
- c. Val av 2 varamedl. for 1 år.
- d. Val av revisor for 1 år.
- e. Val av valnemnd for 1 år.

Forslag til kandidatar:

Jon Olav Velde, gjenval
Kristin Skare, Anne Nesheim
Myre og Hilde Fadnes Hølland
Severin og Åsmund , ikkje på val

Arve Mjølhus, Olaug Skrunes
Per Fatland
Bjørn Morten Stokka, Gro Karin
Velde og Ingunn Skosheim Ohm

Sak 4. Rapport om Vatsvassdraget.

Rapporten frå NIVA v/Anders Hobæk er ferdig og ferdigtrykt til utdeling.

Åsmund lagar eit takkeskriv og legg ved kvar rapport og sender ut til alle sponsorane og andre aktuelle personar som blir involvert t.d. leiarane i bondelag og grunneigarlag + kommunens folk, fylkesmannen sin repr. og HLR.

Sak 5. Veg- og gatenamn.

Grendautvalet er glad for at kommunen vil ta tak i dette og få arbeida kostnadene i slikt prosjekt inn i budsjettet.

Vedtak: Dersom det er ynskjeleg av kommunen kan Grendautvalet hjelpe til med dette under råd og rettleing ved slikt arbeid.

Ein del av midlene som blir sett av på kommunebudsjettet til dette prosjektet, kan då gå inn til drifta av grenadautvalet.

Medl. i grenadautvalet har god lokalkunnskap og kan kontakta kjentfolk og velforeiningar i nærmiljøet og få fram forslag til namn på vegar og gater.

For å få dette til, må me få tilsendt detaljerte og oppjusterte kart over alle grender i bygda.

Senda særutskrift til kommunen.

Sak 6. Statutar - lovar og reglar for grenadautvalet.

Grendautvalet føler seg litt usikre på den reint formelle organiseringen av utvalet.

Vedtak: Grendautvalet etterlyser klare lovar og reglar for funksjonstid, økønomi m.m. slik at me kan arbeida på ein rasjonell måte.

Senda særutskrift til kommunen.

Sak 7. Strategimøte om Vatsvassdraget.

Åsmund Kalstveit har kalla inn til eit strategimøte om Vatsvassdraget torsdag 4. nov.

Dei skal drøfta tiltak og framdriftsplan som kan leggjast fra på årsmøtet torsdag 11. nov i Vindafjordhallen.

Arbeidsoppgaver for styremedl. i grenadautvalet fram til årsmøtet:

1. **Alle:** Fordela og leggja ut info.skriv om årsmøtet i alle postkassar i Vats. Fordelingsplanen vart drøfta i slutten av møtet.
2. **Ingunn, og Gro Karin:** Laminera plakatar om årsmøtet.
3. **Ingunn, Gro Karin og Jon Olav:** Hengja opp laminerte plakatar på strategiske Stader
4. **Åsmund:** Laga takkeskriv til sponsorane til Vatsvassdraget og leggja ved rapporten og sende desse til rette vedkommande med invitasjon til årsmøtet.
5. **Ingunn:** Kontakta Grannar om å få årsmøtet inn på kalenderen i bladet mandag og / eller torsdag.
6. **Alle:** Ta med seg 2 kanner kaffi til årsmøtet.
7. **Gro Karin:** Kjøpa inn kjeks + nokre posar kaffi til å trekka på kjøkken.
8. **Alle:** Møta opp seinast kl. 18.00 i Vindafjordhallen til årsmøtekvelden 2. nov.

Øvre Vats 2. nov. 2010

Jon Olav Velde
-leiar/skrivar-